

Haustferien 2020

No er det snart haustferie, og det er over 20 barn som har meldt seg på. Planane er klare, og me gler oss til å treffe alle i ein litt rolegare kvardag. I ferien har me god tid til å ta bornas initiativ og gjere det dei har lyst til, i tillegg til å gjennomføre dei aktivitetane me har planlagt. Me vil ikkje servere mat i SFO frå 1. oktober, og borna må difor ha med seg to nistepakkar kvar dag i haustferien. Me har kjøleskap til å oppbevare dei i. Dei som vil ete frukost i SFO, må ha med denne i tillegg, og kome innan kl 09.00. Alle må ha med eiga drikkeflaske. Me startar ulike aktivitetar kl 09.30, og ønsker at alle kjem til då. Dersom nokon kjem litt seinare, vil me gjerne ha ein sms til: 458 78 249. Me har ope frå kl. 07.15-16.30.

Hugs å ha med klede til veret, og noko til å skifte med.

Måndag 5/10	Tysdag 6/10	Onsdag 7/10	Torsdag 8/10	Fredag 9/10
Origami	Kreativ dag	Aktivitetsdag	Disco	“Kino”
Papirkunst	Me legg til rette for ulike skapande aktivitetar	Aktivitetar og leiker i Kulturstova og ute	Musikk og storskjerm i kulturstova. Danseleiken og andre leiker	Ta gjerne med ei pute eller eit teppe til å sitje på

Velkomen til ei kjekk veke!